

# Sitwell heidra som «Vekstvenn»

- Vi treng verksemder som satsar og veks skal vi nå målet om 75 nye arbeidsplassar i Stordal. Sitwell har dei siste par månadene fått verkeleg god fart på verksemda og tilsett 5 nye personar. Dette ønskjer vi å markere ved å heidre dei som «Vekstvenn», seier Harald Espeland, prosjektleiar i Vekst i Stordal.

«Vekstvenn» er eit tiltak i regi av Vekst i Stordal. Kvar verksemd som tilsett nye personar etter 31.08.14 får eit nummerert diplom per nytilsett. Når målet om 75 nye arbeidsplassar i Stordal er nådd, blir det trekt eit nummer frå 1 til 75. Premien for verksemda som har vinnarnummeret er kr 100.000. Namnet til verksemdene som tilsett kjem også på «Vekstvenn»-plakaten som heng på Vekst i Stordal sitt kontor.

- På denne måten ønskjer vi å vise at verksemdene sin innsats og vilje til å vekse blir sett pris på. Det er også ein fin måte å løfte fram alt det spanande og positive som skjer i næringslivet i Stordal, seier Espeland.

## Melde inn tilsettingar

Det er lov å melde inn tilsettingar til Vekst i Stordal og bli med som «Vekstvenn».

- Vekst i Stordal har jamn dialog med mange verksemder, men det kan vere tilsettingar vi ikkje greier å fange opp. Så vi vil absolutt oppmode verksemdene i Stordal om å gi oss beskjed når dei tilsett nye personar, slik at dei kan få ta del i vekstvenn-tiltaket, seier Espeland.

## 5 nye arbeidsplassar

Sitwell er første verksemd som blir «Vekstvenn».

- Det er veldig moro å sjå kva som skjer med Sitwell for tida. Verksemda har vist stor vilje til å satse og lukkast no godt i marknaden. Dette gjer at dei no har tilsett fem personar. Så får vi sjå om det også blir fleire. Sitwell skal hvertfall vite at vi er mange i Stordal som sett pris på det dei får til, og Vekst i Stordal vil halde dialog med verksemda framover og bidra viss dei har behov. Dei har også tidligare i haust fått støtte frå Vekst i Stordal via næringsfondet for å setje i verk tiltak innan marknadsføring og bedriftsutvikling, med mål om at dei lettare kan utnytte potensialet i dei moglegheitene verksemda no står overfor, seier Espeland.

## Kontaktinformasjon:

Geir Hoff, dagleg leiar Sitwell, tlf.: 920 63 404

Harald Espeland, prosjektleiar Vekst i Stordal, tlf.: 450 24 320